



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

03.07.2024

Vår ref:

2024/7677

Dykkar dato:

16.05.2024

Dykkar ref:

201305024

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad og detaljplan for ny trasé for 420 kV fjordspenn over Sognefjorden - Sogndal kommune og Vik kommune

Flyttinga av fjordspennet over Sognefjorden er nødvendig for å kunne gjennomføre planlagt oppgradering av straumnettet, og det ser ut til å vere uunngåeleg at konsekvensane for naturmiljøet blir noko større enn for den konsesjonsgitte lokaliseringa. Vi føreset at avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga blir vurdert, og så langt det er mogleg blir teke inn som vilkår i konsesjonen og innarbeidd i detaljplanen.

Vi viser til oversendte høyringsdokument.

Bakgrunn

Statnett har fått konsesjon og har fått godkjent detaljplan for nytt fjordspenn over Sognefjorden, som del av ny 420 kV leidning mellom Sogndal og Hove. Fjordspennet skulle gå på same stad som dagens 300 kV leidning. Den nye 420 kV leidninga Sogndal – Hove er no under bygging. Statnett seier no at det ikkje er mogleg å byggje fjordspennet over Sognefjorden slik som planlagt. Der er ikkje mogleg å oppnå lang nok utkoplingstid til å kunne rive det eksisterande spennet og byggje et nytt i same trasé, slik det er gitt anleggskonsesjon til. Statnett søker difor om å byggje denne delen av den nye 420 kV leidninga sør for dagens 300 kV leidning. Høyeringa omfattar planendringssøknaden og oppdatert detaljplan.

Vår vurdering

Nytt fjordspenn over Sognefjorden har stor samfunnsnytte, og dermed høg prioritet. Den nye lokaliseringa er vald ut frå ingeniørfaglege vurderingar, og vi oppfattar at det ikkje er reelle alternativ. Det er likevel eit viktig prinsipp, lovfesta gjennom naturmangfaldlova, at utbygginga skal skje på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og ta omsyn til naturmiljøet. Sentralt her er å minimere nye naturinngrep, tilpasse installasjonane godt til terreng og landskap, og tilbakeføre området etter moderne prinsipp.

I konsekvensutgreiinga er den samla konsekvensgraden for den nye kryssinga, samanlikna med den konsesjonsgitte løysinga, vurdert til å auka. Konsekvensgraden for naturmangfald og vassmiljø aukar frå ubetydeleg til betydeleg negativ konsekvens, og for friluftsliv og landskap frå ubetydeleg til noko

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



negativ konsekvens. Planendringa vil altså sette større spor etter seg enn den konsesjonsgitte løysinga.

Det er særleg inngrepa i Fimreite naturreservat, andre viktige naturtypar og kantsona til Sagelvi som er nemnd i konsekvensrapporten som dei største negative konsekvensane for naturmiljøet. Vidare kan utbygginga kome i konflikt med ein sensitiv art, om dei ikkje blir iverksett avbøtande tiltak. Endra fjordspenn gir nye inngrep i område utan inngrep i dag, medan den konsesjonsgitte løysinga følgde dagens leidningstrasé. På vestsida av fjorden er den planlagde nye anleggsvegen venta å gje dei største negative verknadene for naturmiljø og friluftsliv. Det er særleg peika på at anlegga blir meir synlege, og at landskapet blir ytterlegare fragmentert. Endra lokalisering av fjordspennmaster og ny linje fram til knekkmast for eksisterande linjer er ikkje venta å auke konsekvensen for villrein.

Statsforvaltaren gav 23.02.2024 dispensasjon frå verneforskrifta for Fimreiteåsen naturreservat for endringane som kjem innafor vernegrensene. Naturverdiar i reservatet som blir påverka av planendringa er grundig omtalt i dispensasjonsbrevet, og vilkåra er vedlagt detaljplanen.

Vår vurdering er at naturmiljøet er godt konsekvensutgreidd, og vurdert og forsøkt ivareteke i planlegginga. Det er likevel uunngåeleg at konsekvensane av utbygginga vil auke som følgje av at fjordspennet må flyttast. Vi føreset at avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga blir vurdert, og så langt som råd blir teke inn som vilkår i konsesjonen og innarbeidd i detaljplanen.

Dersom det er aktuelt med helikopterflyging i hekketida for rovfuglarten som er registrert i nærområdet for fjordspennmastene på vestsida av fjorden, bør flygeruta avklarast nærare med oss. Vi har ikkje fått oversendt notatet om sensitive artar som utgjer vedlegg 7 i konsekvensrapporten, men reknar med at det er registreringa vi har kjent til som er vurdert. Vi har òg omtalt hekketidsfreding i dispensasjonsvedtaket frå verneforskrifta for Fimreiteåsen naturreservat (side 6-7). Vi konstaterer at det er bestilt fugleundersøkingane for 2024, og at det kan vere aktuelt med ytterlegare avbøtande tiltak.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sogndal kommune
Vik kommune

Postboks 153
Postboks 134

6851
6891

SOGNDAL
VIK I SOGN